

Til

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane  
[post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)

### **Melding om vedtak:**

Tildeling av fylkeskommunalt tilskot til destinasjonsselskapa i fylket var oppe som tema i samband med fylkestinget si handsaming av budsjett for 2017. HAFS Regionråd drøfta spørsmålet i sitt møte 13. desember i år. I HAFS-sak 31/16 – *Fylkeskommunalt tilskot til reisemålselskapa i Sogn og Fjordane – fråsegn om fordeling av tilskot* gjorde regionrådet i slikt:

### **Samrøystes vedtak**

*HAFS Regionråd ser det som særers positivt at fylkestinget gjennom eit samrøystes budsjettvedtak retta opp i den store skeivfordelinga mellom destinasjonsselskapa i fylket som ville vorte resultatet av ei referatsak frå administrasjonen til hovudutval for næring og kultur sitt møte 22. november i år.*

*HAFS Regionråd vil likevel framleis hevde at statistikkgrunnlaget for fordeling av tilskot ikkje er godt nok, og at fylkeskommunen saman med destinasjonsselskapa bør arbeide for å forbetre dette.*

*Regionrådet vil til slutt peike på at det i ein situasjon med kapasitetsproblem på einskilde reisemål i hovudsesongen, bør drøftast strategiar for spreining av trafikk og betre kapasitetsutnytting i heile fylket.*

Som orientering om at HAFS Regionråd også tidlegare har vore opptekne av statistikkgrunnlaget for tildeling av destinasjonstilskota, legg vi også ved ei utskrift av saksutgreiinga i denne saka.

Dale 28.12.2016

Rett utskrift av møteboka vert vitna.  
Per Arne Tveit  
Sign.

## Utskrift av saksutgreiinga i HAFS-sak 31/16:

Fylkestinget i Sogn og Fjordane gjorde i sak 51/16 – Budsjett/ Økonomiplan 2017 – 2020 slikt samrøystes vedtak:

*Det vert løyvd kr. 100.000,- til Visit Fjordkysten og kr. 100.000,- til Sunnfjord Næringsutvikling i 2017. Visit Fjordkysten og Sunnfjord Næringsutvikling skal framleis ta del i tilskot til destinasjonsselskapa i 2018, og fordelingsnøkkelen skal baserast på gjennomsnittet av gjestedøgn dei siste tre år, i tråd med gjeldande vedtak. Løyvinga i 2017 vert finansiert ved bruk av bufferfond.*

Denne saka kom opp under budsjetthandsaminga i fylkestinget som følgje av ei referatsak i hovudutval for næring og kultur der det går fram at Fjordkysten og Sunnfjord Næringsutvikling får ein høvesvis større reduksjon i fylkeskommunalt tilskot for 2017 enn Visit Sognefjord og Visit Nordfjord. Frå 2018 var dei to minste selskapa tekne heilt ut av tilskotsordninga.

I ein epost datert 29. november (før fylkestingsvedtaket) til ordførarane langs kysten, går dagleg leiar i Visit Fjordkysten, Wenny Irene Hansen, nærare inn på fordelingsnøkkelen for tildeling av tilskot til destinasjonsselskapa i fylket:

*Vi vil peike på at fordelingsnøkkelen for fordeling av tilskot baserer seg på tal gjestedøgn. Dette er svært uheldig for vår region fordi vi har veldig mange som driv med overnatting som ikkje registrerer sine gjestedøgn i SSB. I tillegg blir ikkje gjestehamnene teke med på lik linje med camping. Vi får ingen uttelling i form av gjestedøgn for gjestar som nyttar gjestehamnene våre. Det er med andre ord store mørketal. Faktum er at denne fordelingsnøkkelen heller ikkje er retningsgivande for tildeling av tilskotet. Vi har 11% av alle gjestedøgn i fylket, men blir tildelt tilskot som tilseier 6%. Dette ser vi som svært urimeleg.*

Gjeldande avtale mellom fylkeskommunen og destinasjonsselskapa baserer seg på Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010 – 2025. I ei omfattande høyringsfråsegn til denne planen i 2010 kom HAFS Regionråd med fleire innspel vedkommande det ufullstendige statistikkgrunnlaget.

Under kapittelet *hovudutfordringar* hadde regionrådet mellom anna slik merknad:

*Ein stor del av "Reiselivsproduktet Sogn og Fjordane" er ikkje synleg på SSB-statistikken. Dette gjeld i stor grad baseferieprodukt som er eit viktig satsingsområde, men også båtturisme som er ein del av den prioriterte innanlandske marknaden. Utan påliteleg statistikk vert det vanskeleg å måle utviklinga på desse prioriterte områda. Dette kan føre til feil ressursbruk i høve til prioriterte produkt og geografiske område. Konkretisering av mål utan pålitelege måleinstrument er meningslaust. Difor er statistikkgrunnlaget ei hovudutfordring.*

Under hovudpunktet *Infrastruktur og fellestiltak* hadde regionrådet også merknad til statistikkgrunnlaget:

*Under pkt. 4 må det presiserast at ein avtale om finansiering av fellesgoder skal baserast på eit betre statistikkgrunnlag enn det som i dag er tilgjengeleg. Ein langsiktig avtale om finansiering føreset at det er gjort ei omfattande registrering av reiselivsaktivitet som ikkje vert fanga opp av SSB-statistikk.*

I høve til langsiktige mål om auka verdiskaping, auke i tal gjestedøgn og eit berekraftig reiseliv hadde regionrådet denne merknaden:

*Regionrådet støttar valet av langsiktige mål for næringa under føresetnad av at det vert sett i gang eit systematisk arbeid med komplettering av datagrunnlaget for reiselivet i Sogn og Fjordane. HAFS Regionråd meiner at fylkeskommunen som regional utviklingsaktør skal ha hovudansvaret for at så skjer*